



## Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	Asbjørn Nagell Toft	
Arkivsaknr.:	16/252	Klassering: FA - M30

Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune - Offentleg ettersyn

**Vedlegg:**

Lokal forskrift Nordhordland i Austrheim kommune

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Austrheim kommune gjer vedtak om å senda **Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune** ut på offentleg ettersyn i 6 veker. Grunngjevinga for vedtaket er å oppnå dei miljømåla som er satt i *Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021*. Lokal forskrift er heimla i *Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)* § 9 jf. *Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)* § 12-6, og *Lov om behandling i forvaltingssaker* §37.

**Saksopplysningar:**

Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune er no klar til å sendast ut på offentleg ettersyn. Forskrifta består av føresegner som er rettsleg bindande. Rettleiande soneinndeling med reinsekrav vil verta vist på recipientkart, dette vert ettersend. Det skal også lagast ei rettleiing til forskrifta når den er endeleg godkjent. Denne føreskrifta vil gjelde alle bygg/anlegg som ikkje er tilknytta dei kommunale avløpsanlegga i Austrheim kommune.

Denne lokale forskrifta vil erstatta § 12-7 til 12-13 i Forskrift om begrensning av forurensing. Alle kommunane i Nordhordland og Gulen har vore med i dette fellesarbeidet og utarbeidd dette vedlagte framlegget til lokal forskrift. Prosjektet er forankra i rådmannsutvalet i Nordhordland.

**Formannskapet gjorde den 26.10.2017 følgjande vedtak i sak 079/17:**

Austrheim kommune gjer vedtak om igangsetjing av arbeid med lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune. Grunngjevinga for vedtaket er å oppnå dei miljømåla som er satt i *Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021*. Lokal forskrift er heimla i *Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)* § 9 jf. *Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)* § 12-6, og *Lov om behandling i forvaltingssaker* §37.

EUs Vassdirektiv og Regional plan for Vassregion Hordaland med tiltaksplan har vore premissleverandør for arbeidet med lokal forskrift. Å få på plass ei regional forskrift er med som eit viktig tiltak der for å koma i hamn med miljømål som er satt til vasskvalitet i våre fjordar, vatn og vassdrag. Kommunane i Nordhordland tilhører i hovudsak Vassregion Nordhordland. Ordførarane er styringsgruppe for vassregion Nordhordland, Astrid Byrknes, ordførar i Lindås kommune er leiar. Sekretær for arbeidsgruppa har vore Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NU IKS) v/Kjersti Isdal. Arbeidgruppa har besått av fagfolk frå kommunane Austrheim, Radøy og Lindås kommune.

Mange kommunar i Norge har vedteke ei lokal forskrift om separate utslepp. Dette vert gjort for å kunne ha ein god rutine på korleis kommunane på ein miljømessig måte skal handtera utsleppssaker, men og for stå juridisk og fagleg sterkare i denne viktige delen av forvaltinga. Ei klar og informativ lokal forskrift er til god hjelp både for den kommunale forvaltinga, men og for røyrleggjarar og dei som eig hus og hytter. I Nordhordland har berre Radøy kommune ei lokal forskrift i dag. Det er difor ut frå gode erfaringar i Radøy, men og i andre kommunar i Norge at det vart starta opp eit arbeidd med å få utarbeid ei regional forskrift for separate avløpsanlegg i Nordhordland. Den kan kvar kommune vedta som ei lokal forskrift, men den vert då om alle kommunar vedtek den førande for kvar kommune i Nordhordland. Den vert då lettare å handtera for alle som bur og arbeider i regionen vår, men og for røyrleggjarfirma og sakshandsamarar. Kvar kommune står fritt til å vedtaka det *regionale utkastet* til forskrift formelt med eller utan endringar.

Prosessen med lokal forskrift treng politisk forankring og kvar kommune skal fremja saka fram for politisk handsaming. Denne forskrifta set krav til forvaltningsmessige tilhøve og tekniske løysingar knytt til nye bygg, påbygg, tilbygg, bruksendringar og utvidingar av hus og fritidsbustadar, men òg ved rehabilitering av mindre avlaupsanlegg, slik at omsynet til vassmiljø, resipient og brukarinteressene vert teke vare på i kommunen. Forskrifta gjeld òg ved utslepp av gråvatn der det er innlagt vatn. *Unntatt for forskrifta vil vera bustadar, fritidsbustadar, næringsbygg og andre aktørar som er tilkopla kommunalt avlaupsanlegg.*

Austrheim kommune handsamar i dag søknad om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustad og fritidsbustad administrativt etter den nasjonale forurensningsforskrift, kap 12 med krav til utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustad, hytter og liknande. Den nasjonale forskriften er ikkje tilpassa dei stadeigne tilhøva i kommunen. Handsaming etter den er difor ikkje optimal, og er utfordrande for både sokjar og sakshandsamar. Reinsekrava skal gjelde for alle utslepp av sanitært avlaupsvatn på ein eigedom. Ved nytt eller utviding av eksisterande løyve skal det stillast krav om at alle utslepp av sanitært avlaupsvatn, frå alle bygningar på ein eigedom, skal tilfredsstilla reinsekrava.

Når kommunene ut fra forurensningsmessige tilhøve vurderer å fastsette ei lokal forskrift, vil dette vera på bakgrunn av at kommunen vurderer å setta strengere miljøkrav til utslepp, for ein eller flere resipienter, enn kva forurensningsforskrift legg opp til. ***Det kan for eksempel vere aktuelt å vurder å fastsetja krav til utslepp av tarmbakterier til ein resipient som vert nytta til drikkevatn eller bading.*** I tillegg kan kommunen bestemma godkjente reinseløysingar i ei lokal forskrift. Kommunen kan og kreva sørvisavtaler mellom huseigarar og leverandørar til reinseteknologi. Den lokale forskriften vil gjeva ein detaljert skildring av krav til prosjektering, utføring, drift, vedlikehald, rapportering og kontroll av mindre avløpsanlegg.

Arbeidsgruppa har lagt til grunn at det er naudsynt å utarbeide ein forskrift som har ein fellesdel og ein lokaldel for kvar kommune. Dette skuldast at kommunane har ulike miljømessige tilhøve (resipientkvalitet) og ulike tiltak som er definert i tiltaksdelen i Regional plan for vassregion Hordaland. Kvar kommune skal laga eit eige resipientkart som viser kva utsleppsløysing dei ulike geografiske områda skal ha i kommunen. Dette vert ettersendt. Arbeidsgruppa har elles utarbeida

følgjande:

-Felles del med generelle forskrifter (del I).

-Mal for lokal del (del II).

I Austrheim kommune har dette med i den lokale delen:

*Til følgjande pollar, vatn og elvar med nedbørfelt vert det ikkje godkjent nye utslepp av avlaupsvatn:*

*A.Rasmussvatnet, Rotevatnet, Ulvikavatnet, Hammarsvatnet, Auretjørn, Rebnorsvatnet, Åråsvatnet, Vaulen i Gassevågen, Solevatnet, Lindåsvatnet, Langevatnet, Førlandsvatnet, Monslaupen, Straumstadvatnet, Ævatnet, Altersvatnet, Klebakksvatnet, Purkebolvatnet, Vestretjørna, Austrevågen, Synnevågen og Leirvågsanden.*

*Forbodet om nye utslepp gjeld elles ei kvar drikkevasskjelde eller reservevasskjelde. Forbodsoner er vist med raud farge i recipientkart.*

I 2007 vart vassforskrifta teke inn i norsk lovverk. Gjennom EU sitt vassdirektiv er Noreg pliktige til å forvalta alt vatn etter vassforskrift. Forvaltning av vatn skal skje etter nedslagsfelt. Målet med vassforskrift er at alle vassførekommstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Klima- og miljødepartementet er ansvarleg mynde for gjennomføringa av EU sitt rammedirektiv for vatn i Noreg. Vassforskrift deler Noreg inn i vassregionar og vassområder. Austrheim er ein del av Hordaland vassregion i Nordhordland vassområde. For å fastsette ein tilstand på ein vassførekommst vert klassifiseringssystemet brukt. Klassifiseringssystemet tek utgangspunkt i naturtilstanden, som er ein tilstand utan menneskeleg påverknad. Tilstanden til vassførekommsten vert klassifisert i ein av dei fem klassene frå svært god til svært dårlig etter kor store avvik vassførekommsten har i frå naturtilstanden. Grensa mellom moderat og god økologisk tilstand er avgjerande i samanheng med vassføresesegna. For vassførekommstar som ligg under denne grensa skal det iverksetjast tilstrekkeleg miljøforbetrande tiltak slik at miljømålet om god økologisk tilstand vert nådd.



**Figur 1. Syner dei ulike tilstandsklassene og at det må iverksettjast tiltak for ein vassførekommst når tilstanden er klassifisert som moderat eller dårligare.**

Fylkestinget i Hordaland har den 20/10/2015 vedteke regional plan for vassregion Hordaland. I regional plan for Hordaland vassregion er det gjort ein tilstandsvurdering og sett miljømål for dei

ulike vassførekostane i dei ulike vassområda. Austrheim kommune er gjennom planen forpliktta til å leggje miljømåla til grunn for si planlegging og verksemd jf. *Forskrift om rammer for vannforvaltningen FOR-2006-12-15-1446 § 29.*

Ved handsaming av søknad om løyve til utslepp må Austrheim kommune sjå på tilstanden og miljømåla til recipienten. Grunnlaget for å gje løyve til ureining er at vassdraget tåler denne ekstra tilføringa av næringssalter og bakterier. Kommunen sit ikkje med god nok kunnskap for alle recipientar til å kunne gjere vedtak i tråd med nasjonal forskrift og vassforskrift. Kommunen treng difor tilstrekkeleg informasjon ved søknad om løyve til utslepp for å rette arbeidet opp mot miljømåla i vassdirektivet.

### **Vurdering:**

Rådmannen vil peika på at i regional plan for vassregion Hordaland er fleire av vassførekostane i Austrheim kommune klassifisert i moderat og dårleg tilstand. Rådmannen legg dette til grunn og ser det som naudsynt å vedta ein lokal forskrift om separate utslepp frå mindre avløpsanlegg for å tilpassa dei stadeigne tilhøva. Vidare legg rådmannen til grunn at kommunen er ureiningsmynde og er pliktige etter sitt ansvarsområde å sette i verk tiltak for å nå miljømåla til vassførekostane i kommunen jf. vassforskrift § 29. Ein lokal forskrift må difor ta utgangspunkt i dei vedtekne miljømåla for vassførekostane i kommunen. Rådmannen vil informera om at dei andre kommunane i Nordhordland og Gulen truleg også vil få plass ei lokal forskrift på dette området. Rådmannen vil opplyse om at kommunane i dag også, og i medhold av forurensningsloven § 18 kan oppheva eller endre vilkår i utsleppsløyve og om naudsynt kalle utslepssløyvet tilbake. Løyve til utslepp av sanitært avløpsvann gitt i medhold av forurensningslova og tilhøyrande forskrifter før 1. januar 2007 er fortsatt og gjeldande.

Rådmannen synes det er positivt at det er lagt ved definisjonar i den lokale forskriftena då det er mange faguttrykk her. Rådmannen vil peike på at utslepp etablert før 1. januar 2007 er tillatt så lenge det ikkje vert oppheva av miljømessige årsaker. Rådmannen synes og det er fornuftig at dette er med i forskriftena: *For tilstrekkeleg fortynning og innlagring av avløpsvatnet må utsleppsdjup som hovudregel vera større enn 10 meter for utslepp inntil 25 pe og 20 m for utslepp over 25 pe, men minst 20 meter frå land og minimum 100 meter frå ålmenn nytta badeplass.* Rådmannen meiner at det å sørga for at innbyggernes investeringar i nye avløpsanlegg betaler seg i form av god og rett rensing, er god samfunnsøkonomi og svært viktig for vassmiljøet vårt framover.

Rådmannen vurderer at framlegg til lokal forskrift om separate utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune vil vere eit godt hjelpemiddel i handsaming av utsleppsløyve for mindre separate avlaupsanlegg. Ei lokal forskrift vil bidra til å gjere søknadsabidet lettare, men og sikra ein meir lik handsaming av søknader framover. Rådmannen rår til at kommunen legg forslaget til lokal forskrift om separate utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune på offentleg ettersyn.

### **Konklusjon:**

Lokal forskrift om separate utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune vert sendt ut på offentleg ettersyn.

### **Sakspartar**

